



# Vedtekter for Skolefritidsordninga i Aure kommune

## VEDTEKTER FOR SKOLEFRITIDSORDNINGA I AURE KOMMUNE

### 1. FORMÅL

Kommunen skal ha eit tilbod om skolefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4.årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7.årstrinn.

Skolefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skolefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal bli gjeve gode utviklingsvilkår. Areal ute og inne skal vere eigna for formålet (Oppl.lov. §13-7).

### 2. EIGARFORHOLD

Aure kommune eig og driv SFO og er ansvarleg for drifta. Skolefritidsordninga skal drivast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer, kommunale vedtak, vedtekter og årsplaner.

### 3. OPPTAK

- Søknad om SFO-plass skal sendast elektronisk på digitalt skjema. Papirskjema kan brukast unntaksvis. Påmeldinga blir behandla administrativt av rektor. Klage på opptak skal sendast HEOP.
- Søknadsfristen er 1.april. Suppleringsopptak skjer gjennom heile året, så sant det er plass.
- Opptaket gjeld for eit skoleår om gongen.
- Oppseiing av plassen skjer elektronisk via digitalt skjema med 1 månads varsel frå den 1. eller 15. dag i månaden.
- Om opphaldsutgiftene ikkje blir betalt, kan ein miste plassen.

### 4. OPPTAKSKRITERIER

Opptakskriterier i prioritert rekkefølge:

1. Barn som av PPT, barnevernet eller liknande instansar er tilrådd plass.
2. Yngre elevar går framfor eldre.
3. Barn som manglar tilsyn heime før og etter skoletid.
4. Barn til einslege foreldre.
5. Dersom fleire barn enn det er plass til oppfyller opptakskriteria, kan det takast omsyn til samansetting av gruppa m.o.t. alder, kjønn og barn som krev spesielle tiltak.

## **6. FORELDREBETALING**

Kommunestyret vedtek betalingsssatsar for kvart budsjettår etter framlegg frå HEOP. Det blir kravd foreldrebetaling for 10 månader pr. år. Det blir ikkje gjeve søskenmoderasjon.

## **7. LEIING OG BEMANNING**

Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret for skolefritidsordning. Det skal som hovudregel ikkje vere meir enn 14 barn pr. tilsett.

## **8. PLASSTILBOD OG ÅPNINGSTIDER**

Skolefritidsordninga gjev tilbod i samsvar med skoleruta.

Dagleg åpningstid er mandag – fredag kl. 07.30 – 16.30.

Åpningstid utover det ordinære kan fastsettast av rektor i samråd med samarbeidsutvalget, og innanfor budsjettramma.

Skolefritidsordninga kan gje tilbod om heilpass og deltplass. Dei som har plass i skolefritidsordninga kan få kjøpe enkeltdagar og – timar.

Tilboda ved dei einskilde avdelingane skal i størst muleg grad tilpassast det lokale behovet.

Den enkelte SFO-avdeling gjev nærare informasjon om kva tilbod som blir gjeve.

Om den enkelte SFO-avdeling klarer å løyse spesielle utfordringar/behov innan eigne økonomiske rammer, kan reglane ovanfor finne ei lokal tilpassing.

Det er tilbod om sommer-SFO etter skolen slutter i juni og før skolestart i august. Det er ikkje tilbod om sommar-SFO i juli. Det må minimum vere fem påmeldte den enkelte veke for at tilbodet skal opprettast.

## **9. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL**

Areala ute og inne skal vere tilpassa dei aktivitetane som skal drivast.

Lokala skal vere godkjende etter Forskrift for miljøretta helsevern.

## **10. ENDRING/REVISJON AV VEDTEKTENE**

Vedtektene for skolefritidsordninga skal vedtakast av HEOP. Mindre redaksjonelle endringar blir gjort administrativt.